



NORGES VASSDRAGS- OG  
ENERGIDIREKTORAT (NVE)  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

Dato: 01.02.2017  
Vår ref.: 2016/34130-10  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## Høyring om 132 kV kraftleidning Kjønnagard - Myrdalen

Viser til dykkar brev dagsett 10.11.16 der de ber om fråsegn til søknaden om ny kraftleidning frå Kjønnagard til Myrdalen i Voss kommune. Vedlagt følgjer protokoll frå politisk handsaming og saksframlegg frå administrasjonen.

Sølve Sondbø  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:  
FYLKESMANNEN I HORDALAND  
Jostein Aksdal

Arkivnr: 2016/34130-9  
 Saksbehandlar: Tale Halsør, Jostein Aksdal

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	13/17	26.01.2017

### Høyring om 132 kV kraftleidning Kjønnagard - Myrdalen

#### Samandrag

NVE har sendt på høyring søknad om bygging av 132 kV kraftledning frå Kjønnagard til Myrdalen i Voss kommune. Kapasiteten i kraftnettet til Myrdalen er i dag i bruk og ved vidare utbyggingar i området vil det vere behov for auka kapasitet. Dette vil og betre leveringstryggleiken i Myrdalen.

Det er søkt om to ulike hovedtrasealternativ, der det eine vil gå i overkant av dagens busetnad frå Vinje til Myrdalen, medan det andre vil gå høgare opp i fjellet. Lengda og kostnadane ved dei ulike alternativa er relativt lik. Det øvre trasealternativet vil ha større konflikt med friluftsliv og gi inngrep i områder utan tekniske inngrep i dag. Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til den nedre alternativet.

#### Forslag til innstilling

1. Ut i frå ei heilskapleg vurdering rår Hordaland fylkeskommune til trasealternativ 2-B-II.
2. Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traseane jf § 9 i Kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området . Det vil slik verta stilt krav om kulturminnegranskingsar jf. § 9 i Kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter Kulturminnelova.

#### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 26.01.2017

**Helge Nævdal (A)** sette på vegner av A, Sp, SV, KrF, MDG, V, Frp og H fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Ulvund og alt. II vert vald på strekninga mellom Kjønnagard og Vinje til åskanten der lina vil krysse utløpet av Oppheimsvatnet. Her bør traséen knekkast mot vest slik at den møter alt. I og følgjer denne vidare mot Vinje.»

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Nævdal sitt forslag til tillegg punkt 1 vart samrøystes vedteke.  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Ut i frå ei heilskapleg vurdering rår Hordaland fylkeskommune til trasealternativ 2-B-II. Ulvund og alt. II vert vald på strekninga mellom Kjønnagard og Vinje til åskanten der lina vil krysse utløpet av Oppheimsvatnet. Her bør traséen knekkast mot vest slik at den møter alt. I og følgjer denne vidare mot Vinje.
2. Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traséane jf. § 9 i kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området. Det vil slik verta stilt krav om kulturminnegranskingsar jf. § 9 i kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter kulturminnelova.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.01.2017

NVE sende 10.11.16 på høyring søknad få Voss Energi AS om å få bygge ny 132 kV kraftledning frå Kjønnagard til Myrdalen i Voss kommune. Saka er på høyring med frist 30.11.16. Hordaland fylkeskommune har søkt om og fått invilga utsett frist for fråsegn til 30.01.17.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som sektorstyresmakt for kulturminne. I vurdering av prosjektet i høve til regionale omsyn har vi nytta Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke og Område for friluftsliv. Det er vidare referert til verdikart i Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland.

Klimaplan for Hordaland slår fast følgjande overordna strategiar for energidistribusjon:

### ***Strategi C: Utvikle påliteleg distribusjonsnett for energi***


*9. Kraftnettet skal ha kapasitet og drift som sikrar høg leveringstryggleik av elektrisitet. Energioverføringa må skje med minst mogleg energitap. Effektoppane i straumnettet må kunne dempast på etterspurnadssida*

*11. Kraftnettet skal byggjast med minst mogleg arealkonfliktar. Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftsområde og store landskapsverdiar i fylket, jf. Fylkesdelplan for små vasskraftverk.*

### **1. Søknaden**

Myrdalen vert i dag forsynt med kraft via ei 22 kV-line, som går frå Oppheimsvatnet via Vinje til Myrdalen. På dagar med stor aktivitet i området nyttar ein i dag om lag all kapasitet i straumforsyninga og det vil i følgje søknaden ikkje vere tilstrekkeleg kapasitet dersom det kjem ei vidareutvikling av området i Myrdalen.

#### **1.1. Prosjektskildring**




**Figur 1 Oversiktkart Oppheimsvatnet - Myrdalen. Raud firkant er Kjønnagard transformatorstasjon.**

Voss Energi AS ønsker difor å bygge ei ny line til Myrdalen i tillegg til 22 kV-lina som går der i dag. Den nye lina vil i første omgang driftast på 22 kV, men vil ha kapasitet til 132 kV.

Det vert søkt om å bygge i overkant av 11 km 132 kV-line. Mastene er 9 m. breie og 15,5,- 22 m. høge. Rettighetsbeltet vil normalt vere 29 m. breitt. Bygginga av anlegget er planlagt i 2018.

Det er i prosessen vurdert fire ulike trasealternativ, der to av traseane er tekne ut. Dei gjenverande traseane (Alt. 2 og 3) går på oppsida av dagens 22 kV-line (sjå raude liner i kart). I første del av traseen ved Oppheimsvatnet er ho delt i alt. I og alt. II. Så går ho vidare med berre eitt felles traseforslag mot Ulvund. Der vert ho delt i alt. 2 som går på oppsida av dyrka mark ved tregrensa, og alt. 3 som går lenger oppe i fjellsida og opp mot 800 moh. Alt. 2 er vidare delt i 2A og 2B i eit kort strekk ved Ulvund.

Voss Energi prioriterer alt. 2 framfor alt 3 i sin søknad. Den samfunnsøkonomiske skilnaden i kostnadene mellom prosjekta er på 1,8 mill.kr, og innanfor feilmarginen i prosjekteringa. Økonomi er difor ikkje vektlagt i særleg grad ved prioritering av dei ulike traseane.



Voss Energi AS gjev i søknaden ei vurdering av jordkabel i staden for luftledning. Dei konkluderer med at dette ikkje er ønskeleg i denne traseen, då terrenget er krevjande og det ikkje er passande trasear til ein låg kabelkostnad.

Det er foreslått avbøtande tiltak for å redusere konsekvensane for fugl og friluftsliv.

## **2. Verknad for natur og samfunn**

I det følgjande er dei viktigaste verknader for natur og samfunn presentert, som skildra i søknaden. Det er ikkje gjort faglege undersøkingar i traseane. Kunnskapen som søknaden bygger på er opne databasar og kan vere mangefull.

### **2.1. Kulturminne og kulturmiljø**

Ulvund er eit registrert og definert heilsakleg kulturlandskap. Delalt. 2-A går så vidt innom nordre delar av kulturlandskapet.

### **2.2. Landskap**

Alle alternative trasear vil gi noko tap av inngrepssfrie naturområder (INON). INON-tapet vert større ved alt. 3 enn 2, då denne går lenger opp i fjellsida.

**Tabell 8. Oversikt over tapt INON ny 132 kV ledning Kjønnagard - Myrkdalen**

Trasealternativ	Tap areal [daa]
Alt 2-AI	32,6
Alt 2-BI	32,6
Alt 3-I	821,6
Alt 2-AII	26,3
Alt 2-BII	26,3
Alt 3-II	815,3

### **2.3. Natur og naturmangfold**

På Nesheim er det registrert ein gråor-heggeskog, som er ein viktig naturtype. Trasealt. 2 vil gå gjennom dette området.

For alt I ved Oppheimsvatnet vil traseen komme nær eit registrert hekkande rovfuglpar. Her vil alt II vere å foretrekke for fuglane.

### **2.4. Samfunn og andre brukarinteresser**

#### Friluftsliv

Mellan Vinje og Ulvund er det ein gammal kyrkjeveg (frå år 1100 til år 1700). Rutene i området vert no nytta til turvegar/stier. Både alternativa vil krysse og ha nærføring med fleire av desse vegane.

Alt I og II kryssar i starten av traseen turruta Oppheim-Lemme. Dette er vurdert å vere lite konfliktfullt, då det skjer i eit område med fleire tekniske inngrep.

Alt II kjem i noko grad i konflikt med utfartsvegar vestover mot Vinje.

#### Næringseffekt

Tiltaket vil kunne vere med å realisere lokal småkraftutbygging. Sysselsettingseffekten av tiltaket er vurdert til om lag 25 årsverk i anleggsperioden.

## **3. Vurdering og tilråding**

Hordaland fylkeskommune har vurdert tiltaket som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. I tillegg er dei planlagde tiltaka vurdert opp mot relevant regelverk og verknad på andre, ålmenne interesser. Klimaplan for Hordaland og Fylkesdelplan for små vasskraftverk, ligg til grunn for vurderingane. I tillegg har fylkeskommunen utarbeidd ei verdivurdering av landskap og friluftsliv i Hordaland, som også er nytta i vurderingane.

### **3.1. Kulturminne og kulturmiljø**

Fylkeskonservatoren viser til at søknaden ikkje på ein god og eintydig måte får fram linjeføringa i kart og dokument. Søknaden femner om fire hovudlinjer, der to er søkt om og prioritert. Fylkeskonservatoren viser til at kartfesta, men ikkje om søkte trasear har store kulturminneverdiar og har slik vald å kommentera desse i vår fråsegn.

Første del av linjeføringa er nemnt som alternativ I og II. Denne går fra Kjønnagård og opp til Vinjahagen høvesvis på kvar side av elva. Her er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i området, men alternativ II får etter det me kan sjå ei betre kryssing av dei gamle vegfara frå Vinje til Sundsvoll ved Klypet.

#### *Trase I og II*

Strekket har felles linjeføring frå området ved Vinjahagen og fram til Ulvund. Begge linje traseene får sterke visuelle innverknad på kulturlandskapet på Vinje og kjem i nærføring til (10-20 meter) til gropastein ID 136571.

I området mellom Geitadalen – Tryninghaugen deler linjetraseen seg i ulike alternativ 1, 2 og 3.

#### *Alternativ 1 A og B*

Alternativ 1 får omfattande konflikt med landskapsområdet Ulvund. Området har viktige kultur og landskapselement som vil kunne verta vesentlege forringa. Då linjetraseen går nær gammal innmark, har den stort potensiale for funn av fornminne dette vil løyse ut krav om ei omfattande registrering og eventuell dispensasjonshandsaming.

#### *Alternativ 2 A og B*

Traseane har ikkje kjende konfliktar, A vil koma inn i, eller ligga nærmare kulturlandskapet på Ulvund. Då alternativ 2 traseen går lenger opp i lia gjev dette eit mindre konfliktpotensiale for funn av automatisk freda kulturminne.

#### *Alternativ 3*

Traseen går over Ulvundshaugane, her er ingen kjende kulturminnekonfliktar. Traseen går i utmarka mellom gardsområdet og kjende stølsområde. Alternativ 3 går omlag midt i mellom stølen Fossen og øydestølen på Tuftene. Utnyttinga av stølsområda er ikkje tilstrekkeleg dokumentert her og traseen kan slik koma i konflikt med kulturminneverdiar.

#### *Alternativ 4*

Traseen byrjar ved Høgåsen på Oppheim og strekk seg over øvre del av Oppheimsbygda. Ved Leitet under garden Bidne var det kjent ein grophelle. Området har stort potensial for kulturminnekonflikt då den gamle ferdslevegen i frå sør i Langedalen, kryssa ved Framnes og tok vegen opp Oppheimsdalen og over til Sogn. Det er ikkje gjort kulturminneregistreringar tidlegare i Oppheimsdalen. Det er imidlertid kjent mogleg fangstanlegg oppe på Tverrfjellet. Der traseen svingar mot garden Åmot er det kjent fleire førhistoriske lokalitetar rett nord for vist traselinje. Desse utgjer ein del av eit viktig kulturmiljø, som strekk seg ut på begge sider av elva. Graden av kulturminnekonflikt er slik stor og potensialet for funn av nye lokalitetar er vurdert å vera høgt.

#### *Oppsummering - tilråding*

Søkjar har ut i frå ei totalvurdering gjort ei prioritering av traseane. Med omsyn til kulturminnevurderingar går alle traselinjene i område med høgt potensial for funn av fornminne.


Den vektinga søker har gjort av alternativa 1, 2, 3 og 4 der ein rår til å gå bort i frå alternativ 1 og 4 er i tråd med vår vurdering av konflikt med viktige nasjonale kulturminneverdiar. Med omsyn til fjern og nærværknad på kulturminna synest alternativ II vera betre enn alternativ I ved start på Kjønnagard. Traseen på Vinje må visast med større detaljeringsgrad – mastepunkt før vurdering av konflikt med omsyn til ID 136571 kan

gjerast. Kulturlandskapsområdet på Ulvund er særskilt viktig og ut i frå ei vurdering av potensial for konflikt råd Fylkeskonservatoren til alternativ 2B.

Fylkeskonservatoren viser til at det ikkje er gjort ei kulturminneregistrering av traseeane jf § 9 i Kulturminnelova. Det er alt kjent nærføring til automatisk freda kulturminne i området. Det vil slik verta stilt krav om kulturminnegranskingsar jf. § 9 i Kulturminnelova i linje og tiltaksområde i samband med vedtatt linje. Me gjer merksam på at dersom det kjem fram automatisk freda kulturminne i konflikt med konsesjonslinje skal desse handterast etter Kulturminnelova.

Fylkeskonservatoren ber difor om at tiltakshavar så tidleg som råd tek kontakt for å greie ut kostnader og omfang av ei kulturminneregistrering.

### 3.2. Landskap



Største delen av traseen går gjennom eit landskap klassifisert som «storforma innlandsdaler» av middels verdi. Dette er eit uvanleg landskap i fylket og så godt som alle desse områda ligg i Voss kommune. Landskapsformen er særmerkt med vide dalar med store vatn og barskog. Områda er prega av samansett kultur- og naturpreg med aktivt jordbruk og spreidd busetnad. Områda er av type robuste for endringar, men Myrkdalen er allereie i stor transformasjon som endrar karakteren i landskapet. I eit ope landskap med mykje skog vil lina uansett bli godt synleg, men som nemnt over er det storskala landskapet robust for denne typen endringar.

Traseen vil gå gjennom eit landskap merka som «sårbart høgfjell» i Fylkesdelplan for små vasskraftverk. Dette er ein kategori som samlar data om INON-status og friluftsinteresser i høgfjellsområder. Vi ser at trasealt. 2 vil følgje området som allereie er utbygd, medan alt. 3 vil gå i konflikt med sårbart høgfjell ved at delar av traseen kjem opp i høgfjellet der det i dag ikkje er tekniske inngrep.


Konfliktgraden for landskap er større ved trasealternativ 3 enn 2, då det kjem inni områder som ikkje har tekniske inngrep i dag.

### 3.3. Biologisk mangfald

Konsekvensane av lina for natur- og naturmangfald er knytt til fugl som kjem borti lina og eventuell arealbeslag. Det vil bli behov for å hogge ned eit breitt skogbelte uavhengig av traseaval, og skilnadane mellom alternativa er små. Trasealternativ 2 vil gå gjennom ein gråor-heggeskog som er ein viktig naturtype. Lokaliteten er vurdert i naturbasen til berre å ha lokal verdi, slik at retningsline 5 Biologisk mangfald frå Fylkesdelplan for små vasskraftverk vert ikkje er gjeldande.

I starten av traseen ved Vinje er det registrert eit par med hekkande rovfugl. For dei vil lina kunne vere ei utfordring. Her slår søknaden fast at alt. II vil vere mindre forstyrrende.

Ut i frå kunnskapen vi har om området vil ikkje utbygginga ha store negative konsekvensar for biologisk mangfald. Ved å unngå alt. I kan ein redusere konflikt med hekkande rovfugl.



### 3.4. Samfunn og andre brukarinteresser

Området kring Myrdalen er eit populært utfartsområde og mykje nytta til friluftsliv. Verdiane til området er særleg knytt til at det er tilgjengeleg og mykje brukt av både lokale og tilreisande. Lina vil vere godt synleg frå fjellandsbyen i Myrdalen, men er på den andre sida ein føresetnad for vidare aktivitet her.

Trasealternativ 3 vil i større grad påverke friluftslivsinteressene, då mastene vil vere synlege i fjellet. Trasealternativ 2 vil følgje skrånninga nærrare busetnaden og i eit bratt terreng vil dei i mindre grad vere synlege opp i fjellet.

Konfliktgraden ved trasealternativ 2 er mindre enn 3 for friluftslivsinteressene.

## 4. Oppsummering og tilråding

Lina er ein konsekvens av ei ønska utbygging og vidareutvikling av Myrdalen fjellandsby. Sett opp imot relevante strategiar i Klimaplan for Hordaland om høg leveringstryggleik i kraftnettettet og bygging med minst mogleg arealkonfliktar, vil Fylkesrådmannen rå til at lina vert bygd og at ein vel trasealternativ 2 – B – II.